



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygginvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat, Ungdomsråd 07.03.19

Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Ragne, Geir Kjetil, Kristin, Sebastian, Margrete

Ikkje møtt: Niklas Olai

For kommunen: Øystein Skattebu

Referatsaker

Sak 19/03 Ungdom og frivillig arbeid

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet er invitert til møte med Samhandlingsrådet for Frivilligsentralen, 20.3.19.

Ungdomsrådet ynskjer å sende nokre representantar, og nytta høve til å førebu innspel til sak:

04/19: Korleis motivere/rekruttere ungdom og unge vaksne til frivillig arbeid? Vi diskuterer aktuelle tiltak.

Behandling:

Ungdomsrådet drøfta problemstillinga. Me tok utgangspunkt i egne erfaringar med frivillig arbeid, og kvifor me gjer det. Dernest kom me opp med punkt som kan vere avgjerande for at unge vil bidra med frivillig arbeid.

Kvifor tek ungdomen del i frivillig arbeid?

- Inkluderande miljø, dannar fellesskap
- Innhald/aktivitet/saker som treff ungdomen, og som er interessante.
- Møter nye folk, sosialisering
- Lågterskeltilbod, du har noko å bidra med
- Godar - belønning av ulik art
- Bidreg til å gjere hjertesaker kjende for andre
- Skape noko for fellesskapet, utrette forskjellar
- Personleg engasjement, kampsaker/hjertesaker

Korleis skaffe unge frivillige?

- marknadsføring av tilbod og behov
- bygge inkluderande miljø (ta god tid)
- utnytte ungdom sine kvalitetar til rette oppgåve
- til Frivilligsentralen – Frivilligsentralen må bli synleg blant ungdom – rette aktivitet mot unge.
- enkle godar ved innsats – det må gi noko attende å jobbe frivillig, materielt eller emosjonelt.

Referatet vert sendt Frivilligsentralen i Øystre Slidre.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Ragne Aasan

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

19/04 Opplæringsprosjekt "Data for eldre"

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet har fått førespurnad om å ta del i eit prosjekt der kommunen skal drive opplæring i data for eldre. Kommunen har fått prosjektmidlar til dette, og det er skaffa eit opplæringsverktøy med ferdige "undervisningsopplegg" instruktørane kan bruke.

"Primus motorar", Gro Lundby og Rolf Stalenget, har kontakta Øystein og bede om at ungdomsrådet ser på moglegheita til å ta del i prosjektet. I hovudsak er vår oppgåve å finne potensielle ungdommar som vil vere instruktørar.

Behandling:

Ungdomsrådet er positive til prosjektet, og har tru på at det er fleir som kunne vere interesserte i dette. Det at det finst ferdige manusbasert ressursar, gjer det enklare å takke ja til eit slik oppdrag.

Ingen i ungdomsrådet ynskjer å stille som instruktørar, men meiner det bør vere ungdom som er godt kvalifiserte til dette. Ungdomsrådet vil legge ut ei oppmoding på si facebookside, om at interesserte melder seg.

Med tanke på å rekruttere ungdom, bør dette kanskje vere betalte oppdrag. Sjå elles til førre sak, om korleis rekruttere ungdom til frivillig arbeid.

19/05 Ungdomsråd for Valdres

10.april er det workshop i næringsshagen. Målet med workshopen er å stake ut ein plan for eit ungdomsråd for Valdres.

Øystein skal dit, og ungdomsrådet sender Margrete og Ragne som sine representantar.

19/06 "Ungdomspanel" i Øystre Slidre

Bakgrunn for saka:

Øystein har fått inn førespurnad frå senterpartirepresentant, Silje Roland, om å arrangere temadebattar med ungdom om saker som angår ungdom i Øystre Slidre. Silje står på partilista til SP, og har fått nokre arbeidsspørsmål frå partigruppa si som ho ynskjer gode innspel på.

Behandling:

Ungdomsrådet tende momentant på ideen.

På neste møte, 14.03.19, vil ungdomsrådet ha kick-off med nye representantar på Peppes.

Me inviterer med oss Silje, og nyttar kvelden til å planlegge vår fyrste "ungdomspaneldebatt".